

Møtereferat etter møte styringsgruppa 2.10 2017

Til stades: Odd Holde, Kjell Erik Skolt, Janne Brøndbo, Borghild Moen, Gunn Berit Nergård og Odd Magne Anderdal.

Rettelse frå sist referat:

- Det vil vera behov for 8 nye barne og avlastningsbustadar (I tillegg til dagens 4)
Korrekt her er at det er behov for 4 nye barne og avlastningsbustadar i tillegg til dagens 4.

Borghild Moen presenterte foreløpig utkast til sak i høve behov, plassering og prioriteringsrekkefylgje av framtidens helse og omsorgstenester. Det skal arbeidast vidare med dokumentet fram til neste møte. Det vert viktig å sjå på arealbehova, samt få arealbehova innarbeidd i reguleringsplanarbeid Trøim Aust. Dokumentet bør vera ferdig i November, slik at ein får innarbeida eventuelle økonomiske konsekvenser i økonomiplan 2018-2021.

Det må etablerast ein politisk sak til kommunestyret i November. Den skal innehalde ein «grov» framdriftsplan av fyrste byggesteg innan skule og barnehage.

- Rom og funksjonsprogram. Administrativt arbeid starte no.
- Anbud og avtale i høve prosjektleiing/byggeleiing. Avtale på plass ca 1.3 2018.
- Anbud ut på byggesteg 1.
- Oppstart arbeid våren 2019
- Ferdigstilling av byggetrinn 1 August 2020
- Ved sentralisering av 1-4 skulesteget, må Bygdheim rivast til fordel for arealbehov sentralskulen.

- Anbud ombygging av Ulsåk skule til barnehage 2019
- Oppstart ombygging av Ulsåk skule 2020
- Ferdigstilling av ombygging Ulsåk skule 2021

Oppvekstsektoren får fylgjande oppgåve/utfordring:

Vurdere ulike løysingar rundt ombygging av Ulsåk skule til barnehage.

- Vurdere ulike ynskjer og behov.
- Finne gode areal og kostnadseffektive løysingar.

Administrasjon tek kontakt med kyrkja i høve fylgjande.

- Kyrkja vurdere alternativ plassering av vidare utvidingsbehov for kyrkja, eksempelvis minnelund. Arealbehov og plassering.
- Kyrkja vurdere alternativ plassering av Kyrkjestugo. Arealbehov, plassering, samt vurderingar rundt mogeleg sambruk av areala. Både offentleg samarbeid og samarbeid med andre lag og organisasjonar.

Arbeidsoppgåver til neste møte:

- Vidare arbeid med notat/saksframlegg helse og omsorg.
- Saksframlegg framdrift byggesteg 1 skule og barnehage.

Vidare møteplan:

12.10 kl 14-16:00 Møterom Skogshorn

17.10 kl 14-16:00 Møterom Skogshorn

Odd Magne Anderdal
Referent